

Dagens bøn (nynorsk)

Venstre kolonne er forslaget til høyring i 2012. Høyre kolonne er det reviderte forslaget til KR sept. 2013.

HØYRINGSFORSLAGET	DET REVIDERTE FORSLAG ET
<p>1 1. søndag i advent Nådige Gud, du som kjem oss i møte for å frelsa oss, vi bed deg: opna våre sinn for eit år med din nåde, så undertrykte blir frie, såra hjarte blir friske, og vegen blir rydda for Sonen din, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>1 1. søndag i advent Nådige Gud, du som kjem oss i møte med frelse, vi bed deg: Gje oss eit nådens år der knuste hjarte blir heile, undertrykte blir sette fri og vi kan lovsyngja Son din, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>2 2. s. i advent Trufaste Gud, du som har lova at du aldri vil svikta oss, vi bed deg: trøyst våre engstelege sinn, så vi kan leva og døy i tillit til dine lovnader, du som når tida endar, skaper ein ny himmel og ei ny jord, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>2 2. søndag i adventstida Trufaste Gud, du som har lova at du aldri vil svikta oss, vi bed deg: Styrk oss i trua på dine lovnader, så vi kan leva og døy i vona om ein ny himmel og ei ny jord, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>3 3. s. i advent Gud vårt håp, du som har gitt oss lovnad om riket ditt som skal koma, vi bed deg: lat kjeldene dine renna, trøyst folket ditt og skap fred og rettferd blant oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>3 3. søndag i adventstida Gud, vårt håp du som sende Døyparen Johannes for å rydda veg for ditt rike, vi bed deg: Lat livsens kjelder strøyma fram, og skap fred og rettferd blant oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>4 4. s. i advent Audmjuke Gud, du som steig ned til menneska og let Jesus bli fødd av Maria for å tena oss, vi bed deg: lær oss hans sinnelag, så vi ikkje søker eiga ære og makt, men overgir oss til din kjærleik og tener deg og kvarandre, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>4 4. søndag i adventstida Jesus Kristus, Guds Son, du som steig ned til vår jord og vart fødd av Maria for å tena oss, vi bed deg: Gje oss ditt sinnelag, så vi ikkje søker vårt eige, men tener nesten vår og overgjev oss til kjærleiken frå deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>5 Julaftan Heilage Gud, du som let det himmelske lyset skina for gjetarane på Betlehemsmarkene julenatta, vi bed deg: lys for oss i mørkret og leid oss til det nyfødde barnet i stallen, vår frelsar Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>5 Julaftan Kjære Gud, du som sende englane dine til Betlehemsmarkene julenatt, vi bed deg: Lys for oss i mørkret og lat oss som gjetarane finna vegen til frelsaren vår, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>6 Julenatt/Ottesong Nådige Gud, du som gav Sonen din som eit nyfødd barn til vår omsorg, vi bed deg: lat oss som Maria og Josef ta imot Jesus og elska han trufast, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>6 Julenatt/Ottesong Nådige Gud, du som gav Son din som eit nyfødt barn i våre hender, vi bed deg: Lat oss som Maria og Josef få ta imot Jesus og elska han trufast, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>7 Juledag Lova vere Gud! Hå deg er livsens kjelde. Du som let Ordet bli menneske og ta bustad blant oss, vi bed deg: lat oss som gjetarane ved Betlehem bøya kne i undring og tilbe Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>7 Juledag Underfulle Gud, vi takkar og lovprisar deg, du som lét Ordet bli menneske og ta bustad blant oss. Vi bed deg: Vis oss herlegdomen som strålar fram i den einborne Son din, så vi med englane og heile di kyrkje kan jubla over frelsa i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>8 Stefanusdagen/ 2. juledag Heilage Gud, du som vart menneske for å bera all liding i verda, vi takkar deg for martyrane som gav livet sitt for evangeliet si skuld. Vi bed deg: gje kyrkja mot til å forkynna bodskapen din til alle folkeslag, og styrk alle som blir forfølgde for sine vitnemål om Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>8 Stefanusdagen / 2. juledag Heilage Gud, vi takkar deg for martyrane, som gav livet for evangeliet si skuld, og bed deg: Styrk alle som blir forfølgde for si tru. Lær oss å elska fiendane våre og be for dei som forfølgjer oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>9 Romjulsøndag Nådige Gud, du som vart menneskebarn på flukt frå vald og vondskap, vi bed deg: trøyst barna dine slik ei barmhjertig mor gjer det, og lat oss som Anna og Simeon i templet ta imot Jesus Kristus med glede og takk, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>9 Romjulsøndag Nådige Gud du som lét Son din bli eit sårbart menneske, vi bed deg: Trøyst oss lik ei kjærleg mor som tek seg av sine, vern alle som er på flukt og lat oss sjå fridomen og frelsa i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>10 Nyttårsaften Evige Gud, du som held tida i di hand, vi bed deg: bli hos oss når året vender, og gje oss framtid og von så vi kan leva og døy i tillit til Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>10 Nyårsaftan Evige Gud, du som held tida i di hand, vi bed deg: Ver hos oss når året vender. Gje oss framtid og håp, så vi kan leva og døy i tillit til Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>11 Nyttårsdag/ Jesu namnedag Barmhjertige Gud, du som gir frelse og fred i Jesu namn, vi bed deg: ver med oss i året som kjem, og lat di velsigning lysa over oss. Gje oss tru så vi vedkjenner oss ditt heilage namn i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>11 Nyårsdag Allmechtige, evige Gud, du som gjev frelse og fred i Jesu namn, vi bed deg: Gå med oss inn i det nye året, og lat di velsigning lysa over heile jorda. Gje kyrkja tru, så vi kan vedkjennast Jesus Kristus som Herre, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>12 Kristi openberringsdag Lysets Gud, du som let stjerna visa veg til Betlehem, vi bed deg: lys for oss på den vegen vi går, og lat alle folk sjå din herlegdom. Lat oss som vismennene jubla av glede over frelsa i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>12 Kristi openberringsdag Evige Gud, du som lét stjerna leia dei vise mennene til Betlehem, vi bed deg: Lys for oss på vegen vi skal gå. Lat alle folkeslag få sjå din herlegdom, og hylla han som kom med frelse, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>13 2. s. i openberringstida Gud, du som skapte himmel og jord og let den elska Sonen din bli døypt for å bera syndene våre, vi bed deg: lat oss ta imot den frelsa du har openberra for verda gjennom Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>13 2. s. i openberringstida Heilage Gud, du som lét den elska Son din bli døypt for å bera synda i verda, vi bed deg: Forny oss i dåpen vår, så vi alltid følgjer etter Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>14 3. s. i openberringstida Levande Gud, du som byr oss å drikka av livsens kjelde, vi bed deg: gjer oss tørste etter det du vil gje oss, så vi tilbed deg i ånd og sanning ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>14 3. s. i openberringstida Gud, vår skapar, du som byd oss å drikka av livsens kjelde, vi bed deg: Gjer oss tørste etter det du vil gje oss, så vi tilbed deg i ånd og sanning ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>15 4. s. i openberringstida Mektige Gud, Frelsar og frigjerar, du som kom for å løysa dei bundne og gjera dei blinde sjåande, vi bed deg: ha miskunn med oss når vi ropar til deg i vår naud, så vi kan setja vårt håp til deg og lovprisa di godheit i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>15 4. s. i openberringstida Jesus Kristus, miskunnsame Herre, du som lét blinde sjå og løyste dei som var bundne av sjukdom, vi bed deg: Hjelp oss når vi ropar til deg i vår naud, så vi kan fryda oss over frelsa du gjev, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>16 5. s. i openberringstida Jesus Kristus vår Frelsar, du som kan tilgje synder og berga alle hjelpelause og redde, vi bed deg: hjelp oss når livet blir truga, så vi stolar på di makt, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>16 5. s. i openberringstida Jesus Kristus, vår Frelsar, du som ser oss når vi er i naud og fare, vi bed deg: Hjelp oss når livet blir truga, så vi kan stola på di makt, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>17 6. s. i openberringstida Gud vår trøystar, du som vender gråt til jubel og sorg til glede, vi bed deg: styrk trua vår og lat ho veksa og mogna så vi aldri vender oss frå det evige livs ord, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>17 6. s. i openberringstida Jesus Kristus, Guds Heilage, du som kan venda gråt til jubel og sorg til glede, vi bed deg: Gjer oss vakne, så vi søkjer ditt evige livs ord og aldri vender oss bort frå deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>18 Såmannssøndagen Livets Gud, du som har skapt verda og gitt oss Sonen din, det levande ordet, vi bed deg: lat oss ta imot Ordet, så det kan veksa og mogna i oss til den dagen riket ditt blir fullenda ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>18 Såmannssøndagen Livsens Gud, du som i din nåde har sådd ordet ditt blant oss, vi bed deg: Lat oss få ta imot Ordet, så det kan veksa og modnast i oss til den dagen ditt rike blir fullenda ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>19 Kristi forklåringsdag Heilage Gud, du som openberra din herlegdom for læresveinane, vi bed deg: lær oss å søkja djupna i trua og mysteriet, så vi kan sjå andletet ditt gjennom Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>19 Kristi forklåringsdag Heilage Gud, du som openberra din herlegdom i Jesus Kristus, vi bed deg: Hjelp oss å søkja dei djupe mysteria i vår tru, så vi kan sjå deg i Jesu Kristi andlet, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>20 Fastelavnssøndag Herre Jesus Kristus, du som gav deg sjølv til lidning og død for å frelsa oss, vi bed deg: gje oss mot til å følgja deg på vegen til krossen så vi kan døy med deg og stå opp til evig liv, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>20 Fastelavnssøndag Herre Jesus Kristus, du som i kjærleik overgav deg sjølv til lidning og død i vår stad, vi bed deg: Vis oss den vegen du gjekk, så vi kan døy med deg og stå opp til det evige livet, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>21 Oskeonsdag Jesus Kristus, vår frigjerar, du som løyser oss frå synd og skuld, i denne fastetida bed vi deg: lær oss å granska oss sjølve så vi vender om og band blir sprengde, heimlause kjem i hus og svoltne får brød, du som ved din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>21 Oskeonsdag Miskunnsame Gud, du som kan setja oss fri frå synd og det som er forgjengeleg, vi bed deg: Lær oss å halda faste slik du vil. Gjer oss uthaldande i bøna, trufaste i kjærleiken og i kampen for rettferd. Gje verda håp ved Jesu Kristi kross, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>22 1. søndag i fastetida Jesus Kristus, Guds lam, du som valde lidingsvegen til krossen og døden, vi bed deg: vis oss den vegen du gjekk, så vi ikkje prøver å frelsa oss sjølve, men tek imot frelsa som ei gåve frå deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>22 1.søndag i fastetida Herre Jesus Kristus, du som heldt ut i alle freistingar og sigra i kampen mot den vonde, vi bed deg: Lær oss i denne fastetida å leva av ordet ditt, så vi vender oss bort frå all vondskap og følgjer deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>23 2. s. i fastetida Barmhjertige Gud, du som kan gje etter når vi kjempar med deg, vi bed deg: gje oss ei levande tru så vi aldri vender oss bort frå deg, men kallar på di velsigning når vi særleg treng ho, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>23 2.søndag i fastetida Uransakelege Gud, du som ser livet vårt og kampane våre, vi bed deg: Gje oss ei uthaldande tru, så vi aldri slepper deg, men ventar på di velsigning, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>24 3. s. i fastetida Allmektige Gud, du som tvingar det vonde til å teia og gjer oss fri til å syngja, vi bed deg: vern oss mot vondskapen, så vi kan leva det nye livet i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>24 3.søndag i fastetida Allmektige Gud, du som vinn over vondskapen, vi bed deg: Vern oss mot det vonde, og set oss fri, så vi kan leva som born av lyset, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>25 4. s. i fastetida Kjærleikens Gud, du som let Sonen din ofra seg sjølv for vår skuld, vi bed deg: vend våre auge mot han når vi sjølve blir sett på prøve, og lid med oss når vi er svake, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>25 4.søndag i fastetida Kjærleiks Gud, du som lét Son din ofra seg sjølv for å sona vår skuld, vi bed deg: Vend auga våre mot han når vi blir sette på prøve, og hjelp oss når vi er svake, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>26 Maria bodskapsdag Gud av under, du som let Sonen din bli avla ved Den heilage ande, vi bed deg: gjer oss modige som Maria så vi utan frykt kan gjera viljen din i truskap og kjærleik, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>26 Maria bodskapsdag Unders Gud, du som lét Son din bli menneske, unnfanga ved Den heilage ande, vi bed deg: Gje oss slik tru som Maria hadde og gjer oss modige som henne, så vi kan gjera din vilje i kjærleik, og lovsyngja deg, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>27 Palmesøndag Jesus Kristus, audmjuke konge, du som kom til oss, fattig og ussel, vi bed deg: forson oss med Gud og med kvarandre. Lær oss å gje avkall på vårt eige for at vi kan følgja deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>27 Palmesøndag Jesus Kristus, audmjuke konge, du som kom til oss, fornedra og fattig, vi bed deg: Forson oss med Gud og med kvarandre. Lær oss å gje avkall på vårt eige og følgja deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>28 Skjærtorsdag Herre Jesus Kristus, den natta du vart sviken, gav du oss kroppen din å eta. Vi bed deg: dekk bordet for oss og by inn til måltid. Sjølvs om vi svik deg, lat din kropp og ditt blod styrkja oss gjennom brødet og vinen. Lat kyrkja di i himmelen og på jorda få del i måltidet sin djupe løyndom, no og i all æve. Amen</p>	<p>28 Skjærtorsdag Herre Jesus Kristus, du som gav deg sjølv til soning for syndene våre og innbyd oss til ditt heilage måltid, vi bed deg: Samein oss med deg i brødet og vinen. Ver oss nær sjølv når vi sviktar, og lat oss med heile di kyrkje samlast hos deg i ditt fullenda rike, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p><i>(I høyringa var det ikkje ei slik bøn på langfredag)</i></p>	<p>28b Langfredag Evige, nådige Gud du som sende Son din for å lida og døy for vår skuld, vi bed deg: Opna hjarta våre for gåtene i Kristi kross. Lat krossen bli teiknet på håp i ei verd merkt av liding og vondskap, ved Jesus Kristus som med deg og Den heilage ande lever og råder éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>29 Påskennatt/Ottesong Evide Gud, livsens opphav, du som i denne natta reiste Kristus opp frå grava, vi lovprisar deg for at kjærleiken din er sterkare enn døden. Vi bed deg: lys for oss når natta er mørk, og gje oss von når vi fortvilar. Ver hos oss i vår siste time med ditt løfte om oppstode og evig liv, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>29 Påskennatt/ottesong Evide Gud, livsens opphav, du som i denne natta reiste Kristus opp av grava til det nye livet, vi lovprisar deg for kjærleiken din som er sterkare enn døden. Vi bed deg: Lys for oss når natta er mørk og styrk oss i dåpens nåde, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>30 Påskedag Vi lovprisar deg, oppstandne Herre og Frelsar, du som har brote sund dødens lenkjer og knust djevelens makt. Vi bed deg: lat oss som kvinnene ved grava vitna om di oppstode og forkynna det levande håpet som du har gitt oss, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>30 Påskedag Jesus Kristus, oppstadne Herre og Frelsar, vi takkar og lovprisar deg, du som har brote opp dødens lenkjer og knust djevelens makt. Vi bed deg: Fyll hjarta våre med glede, ved det levande håpet du har gjeve oss, så vi som kvinnene ved grava kan vitna om di oppstode, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>31 2. påskedag Oppstandne Jesus, du som viste deg for menneske som var blinda av sorg og einsemd, vi bed deg: kall oss ved namn, bryt brødet og skjenk vinen, så vi kan kjenna deg att og jubla over at du lever og er midt iblant oss, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>31 2.påskedag Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus, du som viste deg for menneske som var blinda av sorg, vi bed deg: Kall oss ved namn, bryt brødet og skjenk vinen, så vi kan kjenna deg att og jubla over at du lever og er midt iblant oss, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>32 2. søndag i påsketida Oppstandne Kristus, du som rekkjer hendene mot oss når vi tvilar, og held måltid med oss når vi sviktar, vi bed deg: gje oss tru når vi ikkje forstår, så vi for din kjærleik skuld kan tilgje vårt eige og andres svik, ved deg som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen.</p>	<p>32 2.søndag i påsketida Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus, du som rekkjer hendene mot oss når vi tvilar, vi bed deg: Gje oss tru når vi ikkje forstår, så vi kan leva i lyset av di oppstode og tilgje vårt eige og andres svik, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.</p>

	Amen.
<p>33 3. søndag i påsketida Trufaste Gud, gode hyrding, du som kjenner vegane våre, vi bed deg: leit etter oss når vi går oss vill og vern oss mot alle farar, så vi kan samlast hos deg, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>33 3.søndag i påsketida Jesus Kristus, gode hyrding, du som kjenner oss og fører oss på rettferds stigar, vi bed deg: Vakt oss mot alle farar og leit oss opp når vi går oss vill, så vi kan samlast hos deg i ditt evige rike, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>34 4. søndag i påsketida Nådige Gud, du som har gjort i stand eit rom for oss og lova å aldri forlata oss, vi bed deg: lær oss å elska deg og kvarandre, så vi heller ikkje forlet deg, men ein gong kan samlast i ditt rike, ved Jesus Kristus som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>34 4.søndag i påsketida Herre Jesus Kristus, du som er vegen, sanninga og livet vi bed deg: Lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og styrk oss i håpet om at vi ein dag skal samlast hos deg i ditt rike, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>35 5. søndag i påsketida Livets Gud, du som har skapt oss til å leva i fellesskap med deg og nesten vår, vi bed deg: opna auga våre så vi ser at vi er greiner på same tre og lemmer på same kropp. Gjer oss til eitt med deg i måltidet ditt, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>35 5. søndag i påsketida Livsens Gud, du som ved Son din Jesus Kristus har oppretta ditt rike blant oss, vi bed deg: Vara oss i din kjærleik, så vi kan bera stor grøde, som greiner på det sanne vintreet, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>36 6. søndag i påsketida Rettferdige Gud, himmelske Far, du som høyrer bønene våre, vi bed deg: lær oss å be så vi kan kvila i trua på di omsorg og leggja alt fram for deg i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>36 6. søndag i påsketida Himmelske Far, du som høyrer bønene våre, vi bed deg: Lat viljen din råda på jorda. Hjelp oss å stola på di omsorg og leggja alt fram for deg, så Kristus ved trua kan bu i hjarta våre, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>37 Kristi himmelfartsdag Herre Jesus Kristus, du som har fått all makt i himmelen og på jorda, vi bed deg: ta med våre liv til Gud og be for oss. Lat evangeliet bli forkynt for alle folkeslag, inntil du kjem att og gjer alle ting nye, du som med Skaparen og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>37 Helgetorsdag Allmechtige Gud, du som har opphøgd Son din Jesus Kristus og sett han ved di høgre hand, vi bed deg: Gje oss din Ande, så vi kan forkynna evangeliet for alle folkeslag, inntil Kristus kjem att og gjer alle ting nye, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>38 Søndag før pinse Barmhjertige Gud, du som lova å aldri forlata oss, vi bed deg: send oss din Ande til trøyst så vi kan læra å kjenna sanninga og byggja kyrkja di på evangeliet om Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>38 Søndag før pinse Heilage, underfulle Gud, du som ikkje synte di makt i stormen, men i lyden av stilla, vi bed deg: Send oss din Ande, så vi kan læra sanninga å kjenna. Lat oss som Maria og apostlane å få halda trufast saman i bøn, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>39 Pinsaftan Lovnaders Gud, send oss din Ande og rør ved våre hjarte, så kyrkja di kan bli fornya i tru, von og kjærleik, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>39 Pinseaftan Heilage Ande, kom og rør ved hjarta våre, så di kyrkje kan fornyast i tru, von og kjærleik, ved Jesus Kristus, som med deg og Faderen lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>40 Pinsedag Heilage ande, vår talsmann, du som tende elden i læresveinane dine og gav dei visdom og styrke, vi bed deg: hald kjærleiken brennande og trua levande i oss, så kyrkja di kan forkynna evangeliet om Jesus Kristus. Treeinige Gud – Far, Son og Heilag ande, deg vere æra i all æve. Amen</p>	<p>40 Pinsedag Heilage Ande, vår livgjevar, vi takkar og lovprisar deg, du som sende din eld over læresveinane pinsedag og gav dei visdom og kraft. Vi bed deg: Hald trua og kjærleiken brennande blant oss, så vi frimodig forkynner evangeliet om Jesus Kristus, han som med deg og Faderen lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>41 2. pinsedag Heilage Gud, du som auste ut din Ande over menneska, vi bed deg: leid oss til Jesus Kristus, kjelda med det levande vatnet, så vi kan sløkkja vår tørste og stilla vår uro. Treeinige Gud, deg vere æra i all æve. Amen</p>	<p>41 2. pinsedag Heilage Gud, du som ikkje gjer forskjell på folk, men auser ut din Ande over alle folkeslag, vi bed deg: Vis oss kva sann gudsfrykt er, og lei oss til Jesus Kristus, kjelda med det levande vatnet, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>42 Treeiningssøndagen Velsigna vere du, treeinige Gud! Vår Skapar, Frelsar og Livgjevar, vi bed deg: lys opp vår forstand, skap om våre hjarte og gje oss ei levande tru, så kyrkja di kan forkynna det sanne evangeliet, i namnet til vår Far, Sonen og Den heilage ande. Amen</p>	<p>42 Treeiningssøndag Treeinige Gud, du vår Skapar, Frelsar og Livgjevar, vi bed deg: Opplys forstanden vår, forny hjarta våre og gje oss ei levande tru, så di kyrkje forkynner Kristi evangelium, du som lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>43 2. søndag i treeiningstida Livets Gud, du som har skapt oss til fellesskap med deg og nesten vår og fødd oss på ny ved vatn og Ande i den heilage dåpen, vi bed deg: leid oss, så vi kan tena Jesus som hans læresveinar, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>43 2. søndag i treeiningstida Livgjevande Gud, du som har skapt oss til fellesskap med deg og født oss på ny ved vatn og Ande, vi bed deg: Lat oss få vera i dåpens nåde, så vi kan leva som Jesu læresveinar, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>44 3. søndag i treeiningstida Evige Gud, kjelde til glede, du som bad oss å gå ut på gater og vegkryss og by inn til fest, vi bed deg: lat oss bli eitt ved ditt bord så vi blir styrka på vegen til gjestebodet ditt i himmelen hos Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>44 3. søndag i treeiningstida Evige Gud, all gledes kjelde, du som bad oss å gå ut og innby til den store festen din, vi bed deg: Foréin oss ved nattverdbordet så vi blir styrkte på vegen mot det himmelske gjestebodet, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>45 4. søndag i treeiningstida Audmjuke Herre, du som valde fattigdom og vanære, vi bed deg: lat oss ikkje søkja verdsleg rikdom og glans så vi mister oss sjølve, men finn vårt menneskeverd gjennom kjærleiken og nåden din i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder,</p>	<p>45 4. søndag i treeiningstida Audmjuke Herre, Jesus Kristus, du som valde fattigdom og fornedring, vi bed deg: Lei oss inn på kjærleiks vegar, så vi ikkje søkjer rikdomi verda, men tek krossen vår opp og følgjer deg, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.</p>

<p>eín sann Gud, frá æve til æve. Amen</p>	<p>Amen.</p>
<p>46 5. søndag i treeiningstida Du Gud over profetane, som sende dine vitne for å forkynna viljen din, vi bed deg: lat kyrkja vera sanninga si stemma i verda. Vern oss mot falske røyster og forførande ord, så vi kan kvila i trua på Guds nåde og kjærleik, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud, frá æve til æve. Amen</p>	<p>46 5. søndag i treeiningstida Gud, du som sende profetane til å vitna og forkynna din vilje, vi bed deg: Lat kyrkja vera sannings røyst i verda. Vern oss mot falske røyster og forførande ord, så vi kan stå fast i trua på Guds nåde, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud frá æve til æve. Amen.</p>
<p>47 6. søndag i treeiningstida (Aposteldagen) Heilage Gud, du som kalla ufullkomne menneske til å vera dine apostlar, vi bed deg: kall alle barn og unge, kvinner og menn på jorda til å vera dine vitne. Lat vår uro og tvil, vår tru og glede, vera byggjesteinar i kyrkja di så vi saman kan vedkjenna oss Jesus Kristus som kyrkja sin grunnvoll, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud, frá æve til æve. Amen</p>	<p>47 Aposteldagen/6. søndag i treeiningstida Heilage Gud, du som kalla ufullkomne menneske til å vera apostlar, vi bed deg: Kall oss til å vera dine vitne i verda. Utrust kvinner og menn, born og gamle, så vi kan vera levande steinar i di kyrkje, bygd på den sanne grunnvollen, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud frá æve til æve. Amen.</p>
<p>48 7. søndag i treeiningstida Evige Gud, du er ein Gud som alltid ser oss. Vi bed deg: leit etter oss når vi gøymer oss for menneske og for deg, så vi får mot til å leva synleg for dine nådige auge, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud, frá æve til æve. Amen</p>	<p>48 7. søndag i treeiningstida Evige Gud, du som alltid ser oss, vi bed deg: Rop på oss når vi vil skjula oss for menneske og for deg, så vi får mot til å leva synleg for ditt nådige blikk, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud frá æve til æve. Amen.</p>
<p>49 8. søndag i treeiningstida Nådige Gud, du som ikkje vil ha vårt offer, men vår kjærleik, vi bed deg: lat oss elska deg og kvarandre av heile vårt hjarte, så vi gir av vårt eige til beste for våre medmenneske, ved det einaste sanne offeret, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud, frá æve til æve. Amen</p>	<p>49 8. søndag i treeiningstida Nådige Gud, du som har gjeve oss bodet om å elska deg og nesten vår, vi bed deg: Gjer oss gåvmilde, så vi ikkje samlar skattar for oss sjølve, men deler gåvene med nesten vår, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, eín sann Gud frá æve til æve. Amen.</p>

<p>50 9. søndag i treeiningstida Barmhjertige Gud, du som dømmer oss med kjærleik, vi bed deg: fri oss frå vår eigen dom over oss sjølve og andre så vi overlet dommen til deg åleine, ved Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>50 9. søndag i treeiningstida Miskunnsame Gud, du som gjev den svake oppreising og dømmer med rettferd og kjærleik, vi bed deg: Fri oss så vi ikkje dømmer oss sjølve og andre, men overlet dommen til deg åleine, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>51 10. søndag i treeiningstida Gode Gud, du som kallar oss til omvending, vi bed deg: Ta bort vår skuld og lær oss å tilgje kvarandre. Hald oss fast ved nåden i dåpen, så vi kvar dag vender oss til kjærleiken din, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>51 10. søndag i treeiningstida Nådige Gud, du som kallar oss til omvending, vi bed deg: ta bort vår skuld, og lær oss å tilgje kvarandre. Fri oss frå å vera hjartelause og harde, så vi dagleg opnar oss for kjærleiken din i Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>52 11. søndag i treeiningstida Gud vår frigjerar, du som løyser oss frå synda og dødens makt, vi bed deg: fri oss frå trass og ulydnad, så vi gir slepp på sjølvbedraget vårt og let oss over til fridommen og frelsa som du gir oss i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>52 11. søndag i treeiningstida Gud, vår frigjerar, du som løyser oss frå synd og frå dødens makt, vi bed deg: Fri oss frå vår trong til sjølve å råda, så vi overgjev oss til fridomen i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>53 12. søndag i treeiningstida Lovnaders Gud, du som sende Sonen din for å frelsa oss frå vondskap og død, vi bed deg: fri oss frå sut og angst og lær oss å leva i tillit til di omsorg, så vi ikkje søker verdsleg rikdom, men tek imot alt av nåde frå Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>53 12.søndag i treeiningstida Trufaste Gud, du som aldri kan gløyma borna dine, men veit kva vi treng, vi bed deg: Fri oss frå angst og uro og lær oss å leva i tillit til di omsorg, så vi søker ditt rike, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>54 13. søndag i treeiningstida Rettferdige Gud, du som har gitt oss alt vi har og kalla oss til å leva etter din vilje, vi bed deg: gi oss visdom og mot til å forvalta livet, så vi kan bera frukt til di ære, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>54 13. søndag i treeiningstida Rettferdige Gud, du som har gjeve oss alt vi har og kallar oss til å leva til di ære, vi bed deg: Gje oss visdom og mot til å forvalta det vi har fått av deg, så livet vårt kan bera frukt som varer, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>55 14. søndag i treeiningstida Livets Gud, Herre for vår kyrkje, som har kalla oss til å vera arbeidarar i vingarden, vi bed deg: lat oss ikkje arbeida for eiga vinning, men tena deg i glede og byggja kyrkja di, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>55 Vingardssøndagen/14. søndag i treeiningstida Livsens Gud, Herre for kyrkja, du som har kalla oss til å vera arbeidarar i vingarden, vi bed deg: Bygg di kyrkje og styrk oss i tenesta, så vi arbeider for deg og nesten vår med glede, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>56 15. søndag i treeiningstida Trufaste Gud, du som ber oss på vengene dine og vernar oss mot det vonde, vi bed deg: gje oss vilje til å søkja deg og halda bodorda dine, så kjærleiken vår blir rik på innsikt, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>56 15. søndag i treeiningstida Trufaste Gud, du som elsker oss som ei kjærleg mor og ein kjærleg far, vi bed deg: Lær oss å lytta til orda dine, så vi blir rike på innsikt og kjærleik, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>57 16. søndag i treeiningstida Visdommens Gud, du som høyrer klageropa våre, vi bed deg: gje oss visdom og trøyst i all vår liding, så vi kan finna styrke i lovnaden din om forløyning, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>57 16. søndag i treeiningstida Gud, du kjelde for alt godt, du som høyrer klageropa våre, vi bed deg: Trøyst oss i liding og trengsel, så vi finn styrke i din lovnad om å gjera alle ting nye, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>58 17. søndag i treeiningstida Evige Gud, vår skapar, du som reiste Jesus opp frå grava, vi bed deg: frigjer skaparverket ditt gjennom din livgjevande Ande og gje kyrkja di kraft til å tala livets ord i ei verd av død, ved han som er oppstoda og livet, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>58 17. søndag i treeiningstida Evige Gud, vår skapar, du som reiste Jesus opp frå grava, vi bed deg: Frigjer skaparverket ved din livgjevande Ande. Gje kyrkja kraft til å tala livsens ord i dødens verd, så alle kan setja si von til han som er oppstoda og livet, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>59 18. søndag i treeiningstida Du Gud trøystar vår, som høyrer vår sukk og vår klage og sende Sonen din for å gi oss liv og frelse, vi bed deg: lid med oss og ta sjukdommane og plagene våre så vi kan leva i vona om den dagen då du gjer alle ting nye, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>59 18. søndag i treeiningstida Gud vår trøystar, du som har makt til å reisa opp sjuke og gje oss ny kraft og styrke, vi bed deg: Lid med oss i sjukdommane og plagene våre, og forny oss ved din Heilage ande, så vi kan leva i forventning om den dagen du gjer alle ting nye, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen</p>
<p>60 19. søndag i treeiningstida Heilage Gud, vår frigjerar, du som har skrive viljen din i våre hjarte, vi bed deg: frels oss så vi ikkje blir slavar under synda og dødens lov, men tek imot den rettferd som du gir oss i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>60 19. søndag i treeiningstida Heilage Gud, du som har skrive din vilje i kvart eit menneskehjarte, vi bed deg: Gjer oss faste i trua på deg, så vi kvar dag tek imot den rettferd du gjev oss i Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>61 20. søndag i treeiningstida Evige Gud, kjærleikens kjelde, du som har skapt oss menneske til glede og hjelp for kvarandre, vi bed deg: velsign våre ekteskap, våre familiar og fellesskap. Styrk kjærleiken mellom oss så barn og unge, vaksne og gamle, kan kjenna seg elska av kvarandre og av deg, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage Ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>61 20. søndag i treeiningstida Evige Gud, kjærleiks kjelde, du som har skapt oss til å leva i fellesskap med deg og med kvarandre, vi bed deg: Bygg heimane våre i fred og velsign alle ekteskap, familiar og fellesskap. Fyll oss med din kjærleik, så vi kan tena deg i glede, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>62 21. søndag i treeiningstida Rettferdige Gud, du som har openberra din gode vilje for verda, vi bed deg: gi samfunnet vårt leiarar som søker rettferd og fred. Lat oss leva saman i kjærleik så vi har omsorg for nesten vår og tek vare på skaparverket ditt, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>62 21. søndag i treeiningstida Rettferdige Gud, du som har skapt verda og openberra din gode vilje for oss, vi bed deg: Fri oss frå uforstand og grådig framferd, så vi tek vare på skaparverket og deler rikdommane på jorda med dei som lid naud, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>63 22. søndag i treeiningstida Gud vår Skapar, du som skapte verda ved ditt ord, vi bed deg: lær oss å elska deg og nesten vår som oss sjølv, så vi ikkje spottar deg og forbannar menneske som du har skapt, men i ord og handling talar kjærleik og sanning, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>63 22. søndag i treeiningstida Heilage Gud, livsens kjelde, du som har skapt verda ved ditt ord, vi bed deg: Lær oss å leva som born av lyset, så vi ikkje krenkjer deg eller nesten vår, men viser kjærleik i ord og handling, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>64 23. søndag i treeiningstida Heilage Gud, du som alltid vaker over oss, vi bed deg: vekk oss frå sløvsinn så òg vi kan vaka og venta med lengsel på den dagen du kjem att i herlegdom for å løysa oss ut i dommen, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>64 23. søndag i treeiningstida Heilage Gud, du som alltid vaker over oss, vi bed deg: Vekk oss opp, vi som ofte er likegyldige, så vi kan vera førebudde, og venta på den dagen Jesus Kristus kjem att i herlegdom for å dømme levande og døde, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen</p>
<p>65 Domssøndag/Kristi kongedag Allmektige Gud, vår dommar og frelsar, du som reiser oss frå grava og kallar oss til oppgjer på den ytste dagen, vi bed deg: tilgi oss synda vår og døm oss med rettferd og miskunn så skaparverket ditt kan bli frigjort og alle menneske kan koma inn til festen og gleda i riket ditt, ved vår frelsar Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>65 Domssøndag/ Kristi kongedag Heilage Gud, du som bur i det høge og heilage og hos den som er knust og nedbøygd i si ånd, vi bed deg: Gjer oss vakne så vi kjenner deg att i alle som lid. Sjå i nåde til oss på dommens dag, så vi kan koma inn til festen og gleda i ditt rike, ved vår frelsar Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>66 Lysmesse Evige Gud, du som sende Sonen din som lys til verda, vi bed deg: lat oss ikkje gå åleine i mørkret, men leva i lyset frå Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>66 Lysmesse Evige Gud, du som skapte lyset og som sende din Son som eit lys til verda, vi bed deg: Lat oss ikkje vandra i mørkret, men få leva i lyset frå Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>67 Kyndelsmesse Gud over himmel og jord, du som sende Sonen din som eit lys til openberring for alle folkeslag, vi bed deg: gjer oss audmjuke for det livet som du har gitt oss å forvalta, så vi som Hanna og Maria gir alt levande over til deg og lever livet vårt i lyset frå Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>67 Kyndelsmesse (2. februar) Evige Gud, du som skapte lyset og som sende din Son som eit lys for verda, vi bed deg: Opna auga våre for di frelse, så vi som Hanna og Maria kan takka og lovprisa deg ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>68 Samefolkets dag Rettferds Gud, du som har valt ut alle folk på jorda til dine folk, vi bed deg: lat oss gleda oss over arven vår og landet til forfedrane våre. Vern og leid samefolket, og gi alle små og store folk på jorda eit verdig liv i rettferd og fred. Treeinige Gud, deg vere æra i all æve. Amen</p>	<p>68 Samefolkets dag (6. februar) Du Gud for himmel og jord som har kalla folka på jorda til å vera eitt i Kristus, vi takkar deg for den rike arven vår og for landet til forfedrane. Vi bed deg: Vara og lei samefolket, og gje alle små og store folk på jorda eit verdig liv i rettferd og fred, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>69 1. mai Rettferdige Gud, du som bad oss å forvalta jorda og å elska kvarandre, vi bed deg: gje oss vilje til å dela gåvene dine mellom oss og vern oss mot vår grådighet så vi ikkje øydelegg skaparverket. Lat vårt arbeid bli til velsigning for oss sjølve og andre, så vi saman kan byggja eit samfunn i rettferd og fred, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>69 1.mai Rettferdige Gud, du som har kalla oss til å forvalta jorda og elska kvarandre, vi bed deg: Gje oss vilje til å dela gåvene dine rett. Lat arbeidet vårt bli til velsigning for alle menneske, så vi saman kan byggja eit samfunn i rettferd, solidaritet og fred, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>70 17. mai Nådens Gud, du som gav oss landet vi bur i, og let evangeliet nå vårt folk, vi bed deg: lat namnet ditt vera heilag blant oss. Vak over landet og vern oss mot hovmot og forfall. Signa vår konge og hans hus og alle våre leiarar. Gje alle folk på jorda eit verdig liv i fridom og fred og lær oss å vera gjestfrie mot framande, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>70 17. mai Nådige Gud, takk for landet vi bur i, for grunnlova vår og fridomen. Vi bed deg: Lat namnet ditt vera heilag blant oss. Vak over landet vårt, vern oss mot hovmod og lær oss å vera gjestfrie. Gje alle folk og nasjonar på jord eit verdig liv i fridom og fred, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>71 Jonsok Gud, vår skapar, du som sende døyparen Johannes for å rydda veg for Sonen din, vi bed deg: gi oss ærefrykt for venleiken i naturen og lat oss ta imot evangeliet om nåde og sanning så vi forkynner det til jordas ende, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>71 Jonsok Gud, vår skapar, du som sende døyparen Johannes for å rydda veg for Son din, vi bed deg: Lat oss å få ta imot evangeliet om nåde og sanning, så vi forkynner det for alle folkeslag, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>72 Olsok Nådige Gud, du som sende bodberarane dine for å byggja kyrkja i Noreg, vi takkar deg for at du kan bruka ufullkomne menneske til å forkynna ordet ditt. Vi bed deg: lær oss å forvalta evangeliet så vi i kjærleik kan møta menneske som har ei anna tru. Skap tillit der det er frykt, og fred der det er strid, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>72 Olsok Nådige Gud, du som sende bodberarane dine for å byggja kyrkja i Noreg, takk for at du kan bruka ufullkomne menneske til å forkynna ordet ditt. Vi bed deg: Lær oss å forvalta evangeliet med truskap, og hjelp oss å møta menneske av ei anna tru med kjærleik og respekt, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>73 Mikkelsmesse Hærskarars Gud, du som sende englane dine som bodberarar for å forkynna din vilje, vi bed deg: opna våre øyre og gi oss visdom til å lytta så vi blir verna mot det vonde og tek imot bodskapen om frelse og fred, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>73 Mikkelsmesse Evige Gud, Herre over himmel og jord, du som har englar og menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du sender dine bodberarar for å vakta og verna oss mot vondskapens makter. Vi bed deg: Gjev oss å strida den gode striden i trua, så vi etter dette livet får del i englane sin lovsong i himmelen, ved Son din, Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>74 Hausttakkefest Gud vår skapar, du som let jorda bera fram grøde, og gir oss alt vi treng for å leva, vi bed deg: minn oss dagleg om at livet og alt levande høyrer deg til, så vi kan ta imot gåvene dine med takksemd og dela rettferdig med dei som lir naud, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>74 Hausttakkefest Gud vår skapar, Vi takkar deg som lèt jorda bera fram grøde og gjev oss alt vi treng. Vi bed deg: Minn oss dagleg om at alt som er skapt høyrer deg til, så vi tek imot gåvene dine med takk og deler med dei som lid naud, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>75 Bots- og bøneding Tolmodige Gud, du som har skapt oss i ditt bilde, du formar oss på nytt med di skaparhand når vi har brote dine bodord, vi bed deg: form oss stadig i ditt bilde og tilgi oss vår synd, så vi kan leva etter din gode vilje, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>75 Bots- og bøneding Nådige Gud, du som har skapt oss i ditt bilete og formar oss på nytt med di skaparhand, vi bed deg: Tilgje oss syndene våre og forny ditt bilete i oss så vi vender om til deg og lever etter din gode vilje, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>76 Reformasjonsdagen Trufaste Gud, du som sende evangeliet til frelse for oss, vi bed deg: skap ei levande tru i oss og gjer kyrkja di ny så vi kan forkynna nåde og sanning for alle menneske, til alle tider og på alle stader, til den dagen då riket ditt blir fullbyrda, ved Jesus Kristus, vår frelsar, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>76 Reformasjonsdagen Trufaste Gud, du som sende oss evangeliet til frelse, vi bed deg: Skap ei levande tru i oss og gjer di kyrkje ny. Lat nåde og sanning bli forkynt for alle menneske, inntil riket ditt blir fullenda ved Jesus Kristus, vår frelsar, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>77 Allehelgending Allmektige, evige Gud, vi takkar deg for alle dei som har kjempa den gode striden og halde på trua. Vi bed deg: gi oss din Ande og kraft så vi kan leva og døy i deg og følgja etter dei som har gått føre oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen.</p>	<p>77 Helgemessesøndag Allmektige, evige Gud, vi takkar deg for alle dei som har kjempa den gode striden og halde fast på trua. Vi bed deg: Gje oss din Ande og di kraft, så vi kan leva og døy i deg og følgja etter dei som har gått føre oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

<p>78 Minnedag Evige Gud, vår tryggleik og livd i sagn og sorg, du som ikkje gløymer ein einaste av oss, vi minnest dei døde og gir dei over til deg. Vi bed deg: trøyst oss i vår naud og gi oss håp og tru når vi mister våre kjære, så vi kan gå framtida i møte med vissa om at vi ikkje går åleine, men saman med Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>78 Minnedag Evige Gud, du som er vårt håp og vår tilflukt, vi bed deg: Trøyst oss i sorga og saknet etter våre kjære, og styrk oss i trua, så vi i liv og død kan setja vår von til deg, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>79 For skaparverket Evige Gud, du som skapte himmel og jord og alt som lever, vi bed deg: lat oss gledast over skaparverket og opna auga våre for livets under så vi ikkje armar ut naturen, men tek vare på dine gåver med takksemd og delar dei rettferdig, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>79 For skaparverket Evige Gud, du som skapte himmelen og jorda og alt som lever, vi bed deg: Gje oss glede over skaparverket, og opna auga våre for det underfulle livet, så vi ikkje utarmar naturen, men med takk tek vare på gåvene dine og deler dei rettferdig, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>80 For kristen einskap Gud vår skapar, du som har grunnlagt kyrkja di på jorda, vi bed deg: lat oss bli eitt i di sanning og før oss saman i kjærleik til deg og til kvarandre ved ditt bord og vedkjenna oss éin dåp, eí tru og éin Herre, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>80 For kristen einskap Gud, vår skapar og forløyser, du som har grunnlagt di kyrkje på jorda, vi bed deg: Foréin oss i di sanning, og gjer kjærleiken brennande mellom oss, så vi sameinte og forlikte kan vedkjennast at Jesus Kristus er Herre, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>
<p>81 For rettferd og fred Gud vår trøyst og tryggleik, du som har skapt alle menneske i ditt bilde og gitt oss jorda i gåve, vi bed deg: tilgi oss at vi skader kvarandre i konflikhtar og krig og ikkje deler dine gåver rettferdig. Lat oss sjå deg i andletet til nesten vår, så vi kan leva fredeleg saman, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud, frå æve til æve. Amen</p>	<p>81 For rettferd og fred Gud, vår tilflukt, du som har skapt alle menneske i ditt bilete, vi bed deg: Vern oss mot vald og undertrykking, og lat oss ikkje sjølv bli årsak til urett og strid. Lat rettferd få råda blant oss, og gje oss din fred, ved Jesus Kristus som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.</p>

82

Dei forfølgde

Gud, vårt vern i trengselstider,
du som trøystar alle som er forfølgde, vi bed deg:
sjå til kyrkja di som lid og opna våre auge og øyre
så ikkje vi sjølv er med på å forfølgja nokon for deira
tru og samvits skuld,
men møter alle som er tvinga på flukt, med omsorg
og gjestfridom, ved Jesus Kristus,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud, frå æve til æve.

Amen

82

For forfølgde

Gud, vårt vern i trengsler,
du som er nær alle forfølgde, vi bed deg:
Sjå til di lidande kyrkje. Opna auga våre så vi ikkje
sjølve blir årsak til at nokon må lida for si trus
skuld.
Lær oss å møta med omsorg alle som blir tvinga på
flukt, ved Jesus Kristus,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen.